

Retningsline for tildeling av økonomisk støtte til ungdomsklubbar og lag/foreiningar som driv ungdomsklubbar i tråd med retningsline

Bakgrunn

Ungdomsklubbane i Haram er ein viktig møteplass for barn og unge. Ungdommane har ulike interesser og forutsetningar for deltaking. Tilbodet om deltaking i tilboda må vere for alle, uavhengig av sosioøkonomiske forhold, bustad og interesser.

Ved å utarbeide retningsline vil Haram kommune sikre at tildelt støtte gir like moglegheiter til alle barn og unge i kommunen og at ungdomsklubbane i lag med kommunen arbeider for å særleg inkludere dei som av ulike årsaka ikkje deltek. Kommunen vil invitere klubbane til samarbeidsmøte, til kompetansehevande kurs/tiltak og er positive til samarbeid omkring tilskotsordningar/ prosjekt. Klubbane bli invitert til SLT- utøvarnivå (kvar 8. veke) for felles situasjonsforståing av oppvekstmiljøa.

Retningsline gjeld søknad om økonomisk støtte/ frie midlar til drift/prosjekt som handsamast i Haram kulturutval.

Søknadsfrist

Søknadsfristen for søknad om økonomisk støtte til ungdomsklubbar og lag/foreiningar som driv ungdomsklubbar vert sett til **15. april kvart år.**

Føresetnader for drift

- Ungdomsklubben har attraktive aktivitetar og moglegheiter som er relevant for ungdom frå ulike miljø.
- Samarbeid med ungdommane om drift og ynskjer for aktivitetar.
- Samarbeide med dei andre klubbane, og eventuelle tilbod i feriar.
- Tilbodet skal vere gratis.
- Klubbane inkluderer vedtak om politiattest i vedtektene.
- Styret tar kontakt med kommunale samarbeidspartnerar når det vurderast som nødvendig.

Rapportering

- Årleg rapport (innan utgangen av mars) om korleis tildelte midlar har vore brukt.

Lokalet

- Ungdomsklubbane er universelt utforma slik at alle kan delta på aktivitetane.
- Klubbane samarbeida med kommunen om felles prosjekter kor ein kan nytte lokala til aktivitetstilbod til ungdommane.

Endringar i retningsline

Kommunedirektør kan gjere mindre redaksjonelle endringar. Andre endringar behandlast i kommunestyre.

Tildeling av midlane

Mynde til tildeling av midlane vert delegert frå kommunestyret gjennom kommunen sitt delegasjonsreglement til kulturutvalet. Kulturutvalet har dette myndet fram til kommunestyret eventuelt vedtek endringar.

Fordeling av midlane vert gjort på grunnlag av desse retningslinjene og eige skjønn.